

## Vinden skremde båt-turistane

20.06.2010



Gunnar Lyssand fyrar opp grillen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vi nærmar oss midtsommar og denne helga burde det ha vore stor båt-trafikk innover i fjordane våre. Men det er det ikkje - innslaget av gjestebåtar i Uskedal-hamnane har til dømes vore spinkelt.**

- Svikten er ikkje overraskande med dei vindvarsla som kom. Det vart jo varsla opptil storm lengst ute på kysten og bølgehøgden var 3-4 meter. Difor er det ikkje rart at båt-entusiastane tok det roleg denne helga, seier hamnevert i Øyro Marina Egil Høgemark medan han er igang med morgon-renovasjonen på camping-området..I det område av hamna som han har ansvar for var det berre to gjestebåtar i natt.

Det var ikkje mange på Uskedal Båtlags område heller, men på den nyopprusta Sandakaaien ligg fire båtar. Typisk nok tilhøyrer alle osingar, som tydelegvis aldri sviktar Uskedalen uansett vertilhøve. Det er faktisk tredje gongen uskedalen.no treff dei ved Sandakaaien. og Gunnar Lyssand, som er igang med å fyra opp grillen, gjentek kva han har sagt før.- Uskedalen er ein toppstad for oss, her er alt på stell!. Det gjeld også i år.

Vi kjem alltid att til Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen





Egil Høgemark på boss-runde. (Foto: Ola Matti Mathisen)